



Kjærlighet er lysets kilde, kjærlighet er livets rot. Derfor er Guds råd så milde, derfor er Guds Ånd så god. Jesus har den selv forklaret, Ånden har den åpenbaret, den kan kjennes i Guds fred og det håp vi trostes ved (NS 223)

Nr. 2

64. årgang

Sommer 2023



Framme, fv: Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, Thea Søndrol Nickelsen, Malin Aastad Kjøs, Malin Granlund Jevne. Midten, fv: Emil Fjeld Odegård, Lene Berge, Emilia Bøe, Frida Hippe Lunde, Leah Thune Skeie. Bak fv: Halvor Kattenvold Marken Svien, Tobias Nikolai Lokreim-Poulsen, Rei Zogaj, Vebjørn Høyme Havro, Benas Judenas.

Det viktigaste er ikkje å vinna, men å delta

Matt 28:18-20: Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt han ville møte dei. ¹⁷ Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme

tvila. ¹⁸ Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. ¹⁹ Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande ²⁰ og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er

med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Andakten til sommarnummeret vårt er utdrag frå preika i gudstenesta då me oppsummerte konfirmantåret på Kristi himmelfartsdag.

No har du kanskje nettopp lese bibelteksten frå Matteus 28, så du veit kva som hende på Kristi Himmelfartsdag. Likevel spør eg: Er det viktig å kunne slikt? Eg meiner: vite kva som skjedde på Kristi himmelfartsdag? Eg vil gjerne svare. Eg vil også sei litt om oppdraget Jesus gav.

Først er det verdt å legge merke til at Jesus gav oppdraget til fiskarar og bygdefolk. «Fortel alt eg har sagt», sa han, «døyp dei og lær dei» – og dei noterte ikkje eingong. I tillegg gjekk det omlag 100 år før Bibelen vart nedskreven og samla. Det er lenge. Likevel: oppdraget vart hugsa, det er historisk godt dokumentert.

Kva lærer me av? Kva gjer at me hugsar noko veldig godt? Det finst dei som meiner me lærer av feil. Andre som tykkjer at pugging av salmevers er god gammaldags lærdom som sit. Mange av oss, trur eg, lærer ved å spørje etter kunnskap eller av rollemodellar.

Når Jesus lærer vekk om Gud i Bibelen

er det ofte ved å demonstrere poenget sitt ved handling: fysisk trø på jorda i Samaria (som var oppfatta som ureint land) – rett og slett gå tur der. Eller sette ungane i fanget sitt då foreldra, truleg mødrene, kom med dei og ba om velsigning. Dette er døme på handlingar som snakka høgt og tydeleg for dei som opplevde dei – dette vart hugsa.

Ein annan metode Jesus gjerne brukte for å få fram poenget sitt, var å fortelje ein historie og så la tilhøyrarane trekke konklusjonen. Han som fekk spørsmålet av Jesus «kven av desse trur du oppførte seg som ein neste mot han som fall i hendene på røvarar?», gløymmer nok aldri forteljinga om den miskunnsame samaritanen.

Mot slutten på konfirmantåret tenker eg: ja, skal tru ... kva har dei lært? Kva kjem dei til å snakke om på konfirmantjubileum om 50 år? Det er liten vits for meg å fundere på om konfirmantane har lært mykje eller lite, meir eller mindre enn kulla før, og den slags. Det eg likevel både håpar og ber til Gud om,

er at me – konfirmantar og alle – søker kunnskap om livet og korleis det kan levast ope og godt, i kyrkja, også i åra som kjem. Eg håpar og ber om at du har lært og kjem til å hugse at kyrkja di er ein fin stad å delta.

Sist men ikkje minst håpar eg konfirmantar og alle har lært på ein måte som gjer at ingen av oss gløymmer det: Tru handlar først og fremst om å høyre til hjå Gud. Tru handlar ganske lite om å kunne bibelvers, være enige i alt prestar, influensarar eller venner meiner.

Meisteren sjølv bygde kyrkja på fiskarar og bygdefolk, det var desse han sa dei kjende orda til: «Døyp dei og lær dei alt eg har sagt.»

I kyrkja er det ikkje det viktigaste å vinna, men å delta.

Lukke til med konfirmasjonen!

Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Ragni Almanning
ragni.almanning@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslien
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevevje:
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye
Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Klokkarhaugen
Dagleg leiar: Guro Hovda
Tlf: 412 65 178
e-post: gh575@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september:
tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april:
tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00
fredag kl. 11.00

Neste menighetsblad utkommer uke 42, frist for innsending av tekst og bilder er 22. september 2023. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Årets konfirmanter. Fotograf: Oddvin Almanning

Nye tider

Mange har fått med seg at stillingen som kirkeverge har vært utlyst, og nå er ansettelsen i orden. Silje Hammerstad er klar til å begynne for fullt 1. september, men har allerede starta litt med noen møter.

Silje er oppvokst i Vang, og etter noen år utenfor Vang, har hun flytta tilbake hit med en kjekk mann og tre fine unger. Mer presentasjon kommer i neste nummer av menighetsbladet.

Jeg fortsetter ut året, men går over i en annen type stilling. Når Silje starter, står vi midt oppi soknerådvalget, og det er fint med god overlapping. Og etter 26 år i jobben har jeg ett og annet å rydde opp i.

Takk (1)

til alle som kom og var med på åpningen av den fine Kulturstøga i Øye. Det ble en flott markering av det langvarige

arbeidet som har resultert i det flotte bygget med utstilling og informasjon. Det blir spennende å se hvordan sommeren blir – om flere kommer og vil se og oppleve Øye, og hvordan det blir for omviser Gudrun å ha to hus å holde styr på. Hvis noen i bygda har lyst til å bidra med å være vert i Kulturstøga innimellom, tenker jeg det er kjærkommet for henne. Etter sommeren kan vi evaluere og se om vi skal ha flere dager åpent og evt. lenger sesong. Så håper jeg også at huset blir brukt av bygdefolket, både for å ta med gjester og vise fram eller å ha møte der (gratis for bygdefolket).

Takk (2)

til alle som bidro på dugnader på kirkegårdene. Det er viktig at ikke denne tradisjonen blir borte, både fordi det er godt å gjøre det fint ved kirkene og gravene til våre kjære, det er en fin



møteplass der mangt blir snakka om, og fordi det ellers ville kreve ressurser i form av lønna arbeidskraft.

Takk (3)

for meg! Dette blir siste kirkevergehilsen fra meg – neste gang er det Silje som overtar. Kanskje har du lagt merke til at jeg nesten hver gang har skrevet noe om kirkegårdene og stellet der. Jeg oppfordrer alle til å fortsette å være med å gjøre det fint der!

God sommer - fra Guro

Kyrkjevalet 2023

Kva er viktig for deg?

Stem i kyrkjevalet

I år er det kyrkjeval, der du kan stemme på det som er

viktig for deg gjennom å stemme på folkevalde til kyrkja.

Kva er viktig for deg?

- Eit trygt fellesskap med rom for samtalar og håp for framtida?
- Eit rom der du kan kome som du er, med tru og tvil, glede og frustrasjon?
- Ein stad for flotte konsertopplevingar eller eit høve til å gjere ein innsats for andre?
- Ei kyrkje som stiller opp for deg og andre når det trengst?

•

Kyrkja kan vere dette og meir.

I år er det kyrkjeval, der du kan stemme på det som er viktig for deg gjennom å stemme på folkevalde til kyrkja.

Kven kan stemme?

Medlemmar av Den norske kyrkja har stemmerett i soknet dei bur i frå året dei fyller 15 år. Det er dåpen som gir medlemskap i kyrkja. Du kan sjekke medlemskapen din på kyrkja.no/medlem.

Kva stemmer du på?

Kyrkjevalet er todelt.

Du stemmer *lokalt* ved å stemme på medlemmar til soknerådet der du bur. Soknerådet si hovudoppgåve er å forme og utvikle soknet. Rådet tek avgjerdar om satsingar innan omsorg og diakoni, gudsteneste, kultur, undervisning og aktivitetstilbod for små og store.

Du stemmer *regionalt* og *nasjonalt* ved å stemme på medlemmar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet. Bispedømmerådet er det regionale styringsorganet i Den norske kyrkja. Dei arbeider for kyrkja sitt beste i heile bispedømmet. Det er elleve bispedømmeråd i Den norske kyrkja.

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste representative organ. Det er medlemmane i bispedømmeråda, saman med leiaren av Samisk kyrkjeråd. Når du stemmer på kandidatane til bispedømmerådet, stemmer du difor samstundes på kven som skal utgjere Kyrkjemøtet.

Stølsmesser i sommar

Helin

Søndag 6. august kl 12 ved Helin. Følg skilting frå E16 opp Burma-vegen. Soknerådet kokar kaffi på bål og serverer kaffimat. Ta med kopp og stol! Denne messa har vore velsigna med dåp og solskinn i fleire år på rad – me håpar og trur på at det lagar seg slik i år med. Eg har i alle fall notert dåp! Vel møtt!

Syndin

Stølsmessa 13. august er også med dåp! Den er på Syndin, på stølen til Kristoffer Kvien og Monica Søndrol, og startar kl 12.00

Olø

Søndag 20. august har Heensåsen stølsmessa si i Olø, på stølen til Nina Havro og Harald Høyne. Den startar også kl 12. Bjørg S. Berge på langeleik og Ivar Hem-sing på trekkspel har allereie takka ja til å spele, så lenge dei får spele i A-dur!

Ingebjørg Vik Laugaland

Elevbedrifter i Vang

Gründerne bak Vangsfjøla EB gjorde braksuksess med sin bedriftside. No er dei utsolgt for fjerde gong på rad!

- Det er skikkeleg moro at det har gått så bra, det er jo ekstra artig å drive eigen bedrift når ein ser at responsen er god, seier dagleg leiar i Vangsfjøla EB, Thea Søndrol Nickelsen.

Denne våren er det nok ein gong tid for elevbedrifter for 9. klasse ved VBU, og nye gründere og bedriftsideer veks fram i takt med ei bratt læringskurve. For Vangsfjøla EB har gründerideen vist seg å vera veldig populær blant befolkningen i Vang.

- No er vi utsolgt for fjerde og aller siste gong. Dessverre har vi ikkje tid til å produsere meir, sjølv om mange har sendt melding og hatt eit ønske om å bestille, seier Søndrol Nickelsen. Vangsfjøla EB produserer skjæreføljer med eigen logo og brødpose, eksklusivt sydd i lin. - Det har vore skikkeleg artig å få vera kreative og få lov til å bruke Jokerspace til å produsere fjølene, avsluttar ho.



Vangsfjøla EB sine ansatte er: Thea Nickelsen, Rei Zogaj, Benas Jude-nis, Leah Thune Skeie.

Produserer sunt godteri til din fir-beinte venn!

Sunt og godt hundegodt EB produserer riktig nok som navnet tilseier: sunt hundegodteri!

- Alle i bedriften har hund og er godt kjent med at dei er veldig glad i snacks. Difor kom ideen om å lage ein litt sunn-

are variant av godbiter, seier Malin Aastad Kjøs, økonomi og markedsansvarleg.- Ingen av oss hadde noko kjennskap til korleis me skulle gå fram for å produsere og kva oppskrifta skulle bestå av, så me har googla ein del for å finne den beste oppskriften, smiler Audun Heggom, dagleg leiar.

Og suksessoppskriften til Sunt og godt hundegodt EB er kveitemjøl, leverpostei, egg, olje og gulrot. - Det som har vore viktig å tenkje på, er at hundene tåler alle ingrediensene, og at det smakar godt for dei. Så, me har jo sjølv sagt testa og dei falt i god smak, ler Aastad Kjøs.



Sunt og godt hundegodt EB sine ansatte er:

Audun Heggom, Malin Aastad Kjøs, Victor Jevne Havro, Vebjørn Høyme Havro, Emilia Bøe

Knasande gode flak frå Vang!

Vangsgull EB produserer potetgull i forskjellige smaker. Og med sin knasande og knasande gode ide, har de solgt mange poser Vangsgull allereie!

- Vi var utruleg usikre på kva vi hadde lyst til at bedriften vår skulle vera, men ein ting visste me heilt sikkert, og det var at me hadde lyst til å lage noko spiseleg, seier Malin Granlund Jevne, dagleg leiar og økonomiansvarleg.- Og slik oppsto eigentleg ideen om å lage potetgull med lokale poteter, legg ho til. Og som veldig mange andre har også gjengen i Vangsgull EB best erfaring frå å ete potetgull, og ikkje nødvendigvis produsere det.

- Det vart ein del søking på det store internett for å sjekke om me fant gode oppskrifter og framgangsmåtar. Ein viktig suksessfaktor i potetgull er jo tynne flak, så der har rivjern vore ein god hjelp, seier Frida Hippe Lunde, markedsansvarleg.

Vangsgull får ein kjøpt i tre forskjellige smaker: salt, gastromat og pommest-

tes-krydder.



Vangsgull EB sine ansatte er: Malin Granlund Jevne, Frida Hippe Lunde, Tobias Lokreim-Poulsen, Emil Fjeld Ødegård

Hjernetrim for kvasse Vangsgjeldingar!

Hjernetrim og tankespinn står i fokus for bedriften Brain Teaserz EB. Dei har laga eit heilt eget spel med fire forskjellige vanskelighetsgrader for både barn og dei kvassaste knivane i skuffen!

- Me har allereie solgt ein del spel og fått gode tilbakemeldingar på at det er både artig og utfordrande, smiler Lene Berge, dagleg leiar.

Brain Teaserz EB består av eit brett med fire forskjellige spel. Vanskelighetsgraden går frå barn, vanskelig, litt vanskelig og umulig. Til alle spel følger det med eigensydd pose til å ha brikkene i. - Spelet som er umulig har ikkje vi fått til ein gong, sjølv om vi har laga den. Så, den er hard å bryne seg på, ler Berge. Ho fortel at det har vore artig å få lov til å jobbe kreativt og å få skape noko sjølv. Til å frese ut brikker og spillplate har dei brukt Jockerspace Ryfoss!



Brain Teaserz EB sine ansatte er: Lene Berge, Josslyn Marie Petersen, Halvor Kattveold Marken Svien, Wakim Kattveold, Helmer Lystedt

Ida Nordland Hillestad, Innvangsjon

Drop-in-vigsel og drop-in-dåp i St. Tomaskyrkja

Kanskje har du tenkt på at det kunne vore fint å gifta seg, fått døypt ungane, eller komme til dåpen sjølv?

Det er mange grunnar til at hendingar som dåp og bryllup ikkje skjedde. Det fine er at det kan løysast enkelt for dei som vil ha det slik.

Desse søndagane kan du/de ta turen til St. Tomaskyrkja:

9. juli kl 12-18
23. juli kl 12-18
30. juli kl 12-18

Dei som ønsker vigsel, må ha med seg rette papir, så det er lurt å ta kontakt på førehand – eit par har allerede planlagt drop-in-vigsel.

Dei som ønsker dåp, kan troppe opp på dagen. Då er det fint om de har med to fadrar/vitne. I skrivande stund planlegg to familiar å bruke dette tilbodet i sommar.

Det kan være greit å vite at barn opp til 15 år må ha samtykke frå begge foreldra før dåp.

Eg vil også gjerne ta fram at navnefest ikkje utelukkar dåp. Sjølv sagt ikkje, det må vel være fint å gi barnet sitt begge deler.

Du kan gjerne ta kontakt med meg – tlf. 926 53 320 – dersom du vil finne ut meir om drop-in-alternativet.

Ingebjørg Vik Laugaland



Kyrkjevalet – slik stemmer du – fysisk og digitalt

I kyrkjevalet kan du førehandsstemme digitalt eller fysisk, eller du kan stemme fysisk på valdagane.

Du kan førehandsstemme digitalt frå 10. august ved å gå inn på kyrkjevalet.no

Du kan møte opp fysisk for å førehandsstemme over heile landet. Sjekk kyrkjevalet.no eller nettsida til soknet der du held til, for å finne tid og stad.

I Vang er det førehandsstemming slik:

Kyrkjekontoret på Klukkarhaugen:
frå 10. august – 7. september
Onsdagar og torsdagar kl. 10.00 – 14.00
Torsdagskveldar kl. 18.00 – 20.00
Torsdag 31. august kl. 15.00 – 20.00

Vangsheimen:
Måndag 21. august og torsdag 24. august
kl. 12.00 – 13.00.

Valdagane på Vang barne- og ungdomsskule:
10. september kl. 13.00 - 17.00
11. september kl. 09.00 – 18.00

Det er tre vallister til bispedømmevalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke. Du finn meir stoff om valet på kirken.no og på Hamar bispedømme sine nettsider.

Dei lokale kandidatlistene:

Høre sokn:

1. Marianne Riste
2. Sara Mathilde Franklin
3. Silje Hjellemarken Helland
4. Olav Dahl
5. Margit Bunde Loe
6. Silje Marie Olimb
7. Kristian Finsveen
8. Borghild Hemsing
9. Nina Neståker
10. Stein Inge Sæternes

Heensåsen sokn:

1. Solbjørg Kvalshaugen
2. Unni Elisabeth Flaate
3. Nils Harald Heen
4. Elin Rømyhr Haugen
5. Oddvin Magne Almenning
6. Synnøve Kvam
7. Randi Sandhaugo
8. Hans Nikolai Lindelien

Vang sokn:

1. Kristin Bakke Lajord
2. Tor Erik Berge
3. Leif Solemsli
4. Ivar Eiler Thune Hagerup
5. Merete Wårum Bjørge
6. Åse Marie Lien Petersen
7. Liv Ingeborg Bøland
8. Bente Linnerud Dalåker
9. Anine Rauken Kattenvold
10. Christoffer Sveberg Bøe

Øye sokn:

1. Aud Synnøve Kvale
2. Anders Hermundstad
3. Nils Torstein Hermundstad
4. Tor Arne Eltun
5. Anette Stefferud Bøe
6. Stian Hjellemarken
7. Gerd Svien Fauske Marken
8. Knut Strand
9. Ingrid Grøv
10. Stig Harald Ottervik

Mi pinsesalme

Kvar høgtid har mange kjende salmar som me ofte syng. Desse syng me ofte om att og om att, så me mest gløymer kva bodskap eigentleg teksten har.

Det er ofte snakk om salmeskattar, og som klukkar har eg virkeleg oppdaga at salmeboka er full av salmeskattar. Men eg må ærleg innrømme at salmeboka er for meg, og for mange andre og trur eg, full av ukjende salmar. Ofte er ein skeptisk til alt nytt, også ukjende og nye salmar. Men det har vorte ei ny openbaring, det er utruleg mange flotte salmar både i tekst og tone eg aldri før har høyrte, men når ein får dei «under huden», blir dei berre finare og finare. Slik sett er det og viktig å ta dei ukjende i bruk litt om send.

Pinsa er ei av dei store høgtidene i kyrkja. Ordet pinse kjem av det greske ordet «pentekoste» og betyr den femtiande. Den feirast 50 dagar etter påske. Pinsa blir og kalla kyrkja sin fødselsdag. Det var då Den Heilage Ande kom over disiplane fyrste gongen, har eg lest.

*Kjærlighet er lysets kilde,
kjærlighet er livets rot.
Derfor er Guds råd så milde,
derfor er Guds Ånd så god.
Jesus har den selv forklaret,
Ånden har den åpenbaret,
den kan kjennes i Guds fred
og det håp vi trøstes ved.*

Så til salmane som høyrer pinsa til. Mange pinsesalmar er lite kjende, men me har nokre som er godt kjent og ofte i bruk. Ein av desse er nr 223 i NS : «Kjærlighet er lysets kilde, kjærlighet er livets rot. Derfor er Guds råd så milde, derfor er Guds Ånd så god».

Den danske teolog og produktive salmediktar Grundtvig har skrive salmen. Han vart og kalla Pinsens diktar. Den kjende tonesettaren Lindemann har skrive melodien.


Teksten fortel oss at det er takka vera kjærleiken frå Gud at det er håp for oss. Synest og denne salmen seier oss mykje om kva kjærleiken betyr for forholdet mellom oss menneske og korleis me oppfører oss mot kvarandre.

I desse urolege og dramatiske tider burde me kanskje ta oss ein tur til bl.a. Den røde plass i Moskva og Midt-Østen og syngje denne salmen for dei styrande myndigheiter! Uavhengig av religion vil kjærleiks-bodskapen gjera krig unødvendig og lite framtidretta. God pinse og ha ein fin sumar!

Helge Lajord

*Kjærlighet er livets krone,
kjærlighet er lysets glans.
Derfor sitter på Guds trone
Jesus nå med strålekrans,
han som lyset er og livet,
har for oss seg selv hengivet,
han forblir og lever ved
Guds, sin Faders kjærlighet.*

*Kjærlighet er lovens fylde
og fullkommenhetens bånd,
den er hva vår Gud vi skylder,
den er frukten av hans Ånd.
Derfor med Guds-kjærligheten
vokser opp om kapp Guds-freden.
Vi skal også bli ved den
ett med sjelens beste venn.*



Åpen kyrkje i St. Tomas og Vang

9. juli kl 12-18
16. juli kl 12-18 (ikkje høve til drop-in-dåp eller -vigsal)
23. juli kl 12-18
30. juli kl 12-18

Desse søndagane held me kyrkja open. Då kan den som vil komme! Me som er vertskap legg vinn på å ønske velkommen, men ikkje ta plassen frå deg.

Naboane våre på Kyrkjestølen held

ope heile sommaren, frå 15. juni til 15. september! Der kan du både overnatte og kjøpe mat. Eg har allerede fått presentert menyen og kan røpe at me kan handle både tradisjonelle og moderne rettar på Kyrkjestølen i sommar.

Vang kyrkje er open alle vekedagar (måndag-fredag) kl 10-15 med tilsyn. Velkommen inn!

Ingebjørg Vik Laugaland

Syftesok og Filefjellsdagar

1. og 2. juli blir det liv og røre på Kyrkjestølane. Følg med på programmet! Søndagen held me den einaste vanlege messa i St. Tomaskyrkja i sommar! Alle aktørane er ikkje på plass ennå, men me lovar ei flott fjellsmarmesse på Filefjell Syftesok, søndag 2. juli kl 12.

Ingebjørg Vik Laugaland

Årets 17. mai-tale

Gratulerer med 17. mai til store og små – til alle som feirer dagen her i Vang – enten dere bor her eller er på besøk her – kanskje akkurat har flytta hit eller bodd her hele livet.

Da synes jeg vi alle skal løfte flagget vårt og ta et skikkelig høyt hurra for dagen – hurra!

Takk til ordføreren som ga meg denne utfordringen til å komme med noen tanker og refleksjoner på denne dagen. Jeg tror vi alle er enige om at vi kunne ønska oss litt mindre vind og litt mer varme i dag, men vi er jo vant til dette og har både hatt og får flere fine maidaiger etter hvert.

Vi er heldige som kan feire 17. mai i et land med fred og frihet. Vi lever i et av verdens rikeste land og vi bor i en rik kommune. På en dag som denne er det naturlig både å se seg litt rundt i verden og se litt tilbake i historien for å plassere oss i en sammenheng.

Da jeg vokste opp hørte jeg ofte spesielt moren min prata om «under krigen». Vi har akkurat markert 8. mai – dagen da det var 78 år siden 2. verdenskrig tok slutt. For de fleste av oss har krig og ufred vært ganske fjernt, selv om vi nesten daglig hører på nyhetene om uro et eller annet sted i verden. Men 24. februar i fjor kom krigen plutselig nærmere oss – da Russland gikk til angrep på Ukraina. Og dette har også fått betydning for oss her i Vang – asylmottaket som var nedlagt ved årsskiftet 21-22 ble først akuttmottak og så permanent mottak, og flyktninger fra mange land har kommet dit. Så er det vår jobb her i Vang å bidra til at alle de som er der og har flykta fra hjemlandet sitt, får det trygt og godt og et meningsfullt liv hos oss. Vi må heller ikke glemme at det ikke bare er i Ukraina det er krig og uro. For eksempel hørte vi for kort tid siden fra Sudan der uskyldige hjelpearbeidere ble drept. På mottaket er det også folk fra flere andre land.

Etter mange års mottaksdrift var det noe som mangla den tida mottaket var ute av drift. Men da det kom i gang igjen og det var ukjente folk i farten på butikken og etter gangvegen, var vi på

en måte tilbake til normalen. Flere av dem som har kommet til mottaket, har etter hvert også blitt bosatt her i Vang, og det er bra. I forrige uke var vi i kommunestyret så heldige å bli invitert på omvisning og lunsj på mottaket. Det var interessant å få et innblikk i livet der, og vi fikk nydelig lunsj med retter fra mange ulike land og spiste oss stappmette! Så tusen takk til dere alle på mottaket for god mottagelse der!

Så vil jeg komme med en liten historisk betraktning:

Mellom nyttår og påske i år så tok jeg, og mange med meg, farvel med fire dyktige, arbeidsomme kvinner her i Vang. De var 94-95-96 år gamle, så som naboen min sa – det er livets gang, men det er vemodig. Disse damene var født på 20-tallet, var barn og ungdom i de harde 30-åra og var fortsatt ungdommer under 2. verdenskrig. Det har i hvert fall fått meg til å reflektere litt over hvor fort velstandsutviklinga i samfunnet vårt har gått. Tilgangen til alle materielle goder slik som god plass, mat og klær var nok veldig forskjellig fra slik vi har det nå. Og kanskje var det ikke mulig for disse å ta seg en utdanning – noe vi ser på som selvfølgelig i dag. Så ordtaket om at alt var bedre i gamle dager stemmer ikke alltid. Det er sikkert barn og barnebarn for noen av disse damene her i dag, og oldebarna representerer framtidens Vang.

Vi er så heldige at Vang er en kommune som for tida har god økonomi. Men dette gir også oss som er politikere et stort ansvar – å forvalte disse verdiene til det beste for alle innbyggerne – både på kort og lang sikt.

Så vil jeg si litt om frivilligheten. I Vang har vi en frivilligsentral med dyktige medarbeidere og mange gode aktiviteter for alle aldre. På flere områder hevder frivilligsentralen vår seg i toppen i landssammenheng.

2022 var frivillighetens år, men jeg vil utfordre og oppfordre oss alle til å være frivillige hvert år: gi en liten hjelp eller håndsrekning til naboen eller noen andre som trenger det. Så vil jeg også oppfordre oss alle til å ta godt imot de



nye som kommer – enten det er i barnehagen, i skoleklassen, på arbeidsplassen, til bygda eller her på Vangsheimen. Si hei til dem du møter på gangvegen – det koster så lite.

Så helt til slutt: Gratulerer med dagen og ha en fortsatt fin feiring i Vangsværet – om det er her på Vangsheimen, på Åsvang, i Høre, på VBU eller som for noen av oss – hjemme i sauefjøset! Gratulerer med dagen og ha en fortsatt fin 17. mai alle sammen!

Kristin Bakke Lajord



Åpning av Kulturstøga i Øye

Lørdag 13. mai vaiet flaggene over Nerre Dalen i Øye, og øyeværingene og folk fra alle andre kretser i Vang møtte rikelig opp til innvielse av den nye Kulturstøga. Været viste seg også fra sin aller beste side.

Åpningen startet med klokkespill, hvor nøye utplukkede kirkelig ansatte fremførte Fagert er landet – og dagen og stedet var virkelig vakkert: sol, vindstille, og varmere enn de fleste hadde kledd seg for. Noe livnar det i lundar ble sunget til akkompagnement av klokkespill, før daglig leder i Kirkelig fellesråd, Guro Hovda, hadde en kort gjennomgang av et langt arbeid, hvor samarbeid med Riksantikvar, bispedømme, fylkeskommune, statsforvalter og ikke minst Vang kommune var viktige ingredienser. Det har vært mye att og fram i over 30 år, men omlegging av E16 forbi Øye var viktig for endelig å få realisert prosjektet. Ove Martin Stende representerte Vang kommune for anledningen og fremførte en hilsen fra ordføreren, som hadde måttet prioritere private gjøremål denne dagen.

Deretter ble bygget offisielt åpnet. Det var Vangs fremtid, representert ved konfirmantene fra Øye sokn: Benas Judenas, Halvor Kattevold Marken Svien og Emil Fjeld Ødegård som fikk æren av å klippe snoren.

Katarina Sparstad fra Valdres Natur- og Kulturpark fortalte om utstillingene inne i bygget, hvor Aleksander



Haugelien, som bor i Vang, har utført tegneserieinspirerte illustrasjoner på tavlene over historien til kirken og øyesamfunnet, og Martine Solstad Larsen har malt en imponerende kopi av portallene i Øye stavkirke. Flere antikvariske gjenstander er utlånt fra Kulturhistorisk museum og står til utstilling i godt sikrede monterer. Alle fikk komme inn og beskue interiøret og utstillingen før man beveget seg til samfunnshuset, hvor det var et allsidig program, foruten bevertning med rømmegrøt og kurv fra Øko-Nils.

Jørund Lunde ledet programmet både

ute ved Kulturstøga og inne på samfunnshuset med stødig hånd. Teatergruppa i kulturskolen i Vang fremførte med fynd og klem et tablå over kristningen i Vang, ledet av den nye rektoren i kulturskolen, Victoria Ose. Prost Carl Philip Weisser holdt tale om den historiske utviklingen, men han holdt seg til de veldig lange linjer og la vekt på utvikling av verdier under omskiftelige forhold og på hvordan uforutsette endringer kan bringe nye tanker og muligheter. Soknepresten vår, Ingebjørg Laugaland, delte sine og fellesrådets tanker om bruken av den nye kulturstøga. Bygget skal selvfølgelig dekke





tekniske behov for kirkene og behov i forbindelse med turisme og omvisning i stavkirken. Men det skal også være en bygning for opplevelser for både øyeværinger og vangsgjeldinger for øvrig, så hun oppfordret til å bruke huset, både for møter og ulike andre tilstelninger. Hun håpet at nøkkelen kom til å bli lett tilgjengelig for utlån til alle som ønsker å bruke huset.

Alltid velvillige Eskild Kjøs spilte et stykke på gitar – jammen er han blitt

flink! Og organist Artur spilte et flott arrangement av What a wonderful world på piano. Og så var det mat og livlig samtale rundt bordene. Og selvsagt ble det fremført behørig takk til mange som har stått på for å få dette flotte bygget til å bli virkelighet: Guro Hovda, Vang kommune, Vang bygg, Vang maskin, og Ingrid Skavhaug og Rune Vik, som har tegnet området. Takk også til Øye sokneråd og arrangementskomiteen for flott gjennomført arrangement!

Sidsel Offergaard Jevne



Smykkeutstillinga ARV i Høre stavkyrkje

Som tidligere omtalt har smykkekunstneren Reidun Breistig fra Haugesund hatt utstilling i Høre stavkirke fra påske og ut april. Jeg var blant dem som besøkte utstillingen under åpningen palmelørdag. Og den var virkelig verdt et besøk!

Soknerådsleder Marta åpnet programmet med å fortelle om kirkens historie fra kristningens tid, som er tillagt den senere helligkårede Olav Haraldssons reise gjennom Valdres i 1023. I følge Snorre skjedde kristningen på viking-manér, med vold og ildebrann. Det er liten grunn til å være stolt av måten dette skjedde på, men det er grunn til å feire at kristendommen gradvis fikk innpass i folks liv og har preget vår kultur i århundrene etterpå. Marta gikk derfor kort gjennom hvordan stavkirken har preget og blitt preget av den historiske utviklingen disse 1000 årene. Deretter spilte Storm Buajore Tørstad på piano og Mathilde Berge Egge på langeleik og høstet behørig applaus.

Reidun Breistig fortalte om smykkene hun lager, først og fremst i sølv. Hun ser på hele Høre kirke som et smykeskrin og har hentet mye inspirasjon fra kirkebygget og utsmykningen der, hvilket er svært tydelig i flere av verkene. Mye er også laget i korsform, som et symbol på liv og på seier.

Som Hanne Kjersti Berge skrev som forhåndsannonsering i forrige nummer av menighetsbladet: «Utstillinga heiter ARV, og Breistig seier sjølv at «målet mitt med utstillinga er å få folk til å reflektera over kven vi er, kva som er av verdi og kva me vil gje vidare». Mange



Mathilde hjelper Ragnhild med å oppfriske ferdighetene sine på langeleik

smykker er arvegods og blir ofte nytta som dei er. Likevel er det mange som ynskjer å omskape denne arven og bera den vidare i nye former. Har det noko å seie for verdien til smykket? Er det andre «smykker» som går i arv og anten blir vidareført i originalforma eller blir omskapt til nye former? Har det noko å seie for verdien?»

Ingebjørg prest fortalte om besøket fra barnehagen dagen før utstillingen åpnet. Ungene fikk være med ved utpaking av utstillingen, og samtidig på en rundtur i kirken, hvor det er spesielt spennende å komme inn i alterringen. Ungene hadde mange tanker både omkring Jesus og om selve det fysiske kirkebygget og utsmykningen, og Ingebjørg hadde tydelig kost seg sammen med ungene.

Etterpå gikk de besøkende omkring og beskuet smykkene som var smakfullt opphengt i montere på veggene i kirkerommet – med svært tynne oppheng hvor det etterpå ikke vil være synlige merker. Selvfølgelig var ingenting montert på de opprinnelige middelalderske materialene. Soknerådet hadde kjøpt inn et innrammet smykke inspirert av en utskjæring på en av stavene i kirken, og flere benyttet sjansen til å kjøpe seg en ring eller øredobber fra det rikelige utvalget.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne
Foto: Høre barnehage



Ivrige barnehageunger i alterringen



Reidun Breistig presenterer smykkekonsten sin



Marta forteller om Høre kirke



Musikalsk arv i stavkyrkja

I samband med smykkeutstillinga Arv som var i Høre stavkyrkje i april, ville soknerådet tilby besøkande ei ekstra oppleving laurdagane etter påske. Vi fekk med oss lokale musikarar, som kvar på sin måte gav oss smakebitar av den musikalske arven. Vi hadde tre minikonsertar på om lag 30 min kvar.

Fyrst ute var Bjørg S. Berge og Ivar Hemsing, som tok oss med inn i folkemusikken på respektive langeleik og trekkspel. I eit grumsete vårver gav dei oss både folketonar og salmetonar og skapte ei varm og god stund inne i kyrkja. Vi fekk m.a. høyre Smeddalslåten, Bruremarsj frå Vang og Ringetøsja på langeleik i samspel med trekkspelet. Det er to instrument som kan synast svært ulike, men som kling godt saman i dei rette hendene. Ivar spelte ein korallmelodi av Halvdan Kierulf, som det er laga ein Valdres-tekst til. Denne skal vere skriven av gruppa Makko-masters frå Vestringsbygde. Den som vil vite meir om dette, lyt spørja Ivar. Bjørg las teksten medan Ivar spelte, og det vart svært stemningsfullt. Dei inviterte og publikum med til å synge Herre gud ditt dyre navn og ære, med både den vanlege melodien og ein melodi skriven av Petter Dass. Det vart og plass til to ekstranummer frå salmeboka, i samval, samspel og samsang med publikum. Alle stemde i med salmane Guds godhet sang i sinnet og Deg være ære, som runda av ei triveleg stund i kyrkja.

Laurdagen etter kom med solskinn, løfte om vår og god stemning. Jovita S. Bergheim kom med piano for å gje oss ei annan side av den musikalske arven, i meir klassisk retning. Ho hadde valgt ut musikkstykk som enten var komponert av eller arrangert for piano av kvinner. Fellestrekk for desse stykka er at dei er rolege, emosjonelle og romantiske. Ho spelte Deilig er jorden, som også passa svært godt på våren og ikkje berre til jul, og vakre stykke som handla om det å ha håp, om det å minnast våre døde i takksemd. Stykket Minnereise brakte ro i sinna våre, og stykket Crossing the waters handlar om korleis ein kan forstå vatn i den kristne trua, m.a. gjennom dåpsvatnet. Denne konserten tok publikum ned og jorda oss, og det var ei glede å berre sitje og lytte til musikken. Applausen spara vi til slutt, for det kjendes feil å bryte stilla og stunda med klapping etter kvart stykke.

Siste laurdagen fekk vi Høre mannskor på besøk, under leing av Oddbjørn Skeie. Dei gav oss smakebitar av programmet dei hadde øvd inn til konserten i Heensåsen kyrkje 16. mai. Sjølv om veret ute var både grått, kaldt og hustrig, vart det varme og optimisme inne når mannskoret stemde i med Fedrelandssong av Oskar Borg. Dei held seg i det nasjonalromantiske sporet, med m.a. salma Gud signe vårt dyre fedreland og I himmelen, arrangert for mannskor av Edvard Grieg. Her fekk vi og høyre Carl Philip Weisser som solist. Når mannskoret så tek steget vel 1000 år attende og framfører Olav Trygvasson slik som berre eit mannskor kan, då let det mektig i den gamle kyrkja vår, og ein kunne sjå føre seg dramatikken i teksten, som er skriven av Bjørnstjerne Bjørnsson. Dei runda av med folkevisa Rotnheims-Knut, arrangert av Edvard Grieg, og sette med det punktum for denne konsertrekka.



Vi i soknerådet er så takksame for at dei ville kome og bidra med sine musikalske arvestykke, slik at besøkjande til smykkeutstillinga og konsertane fekk ei oppleving for både auga, øyra og sinn.

Hanne Kjersti Berge

Pilegrimsvandring til Santiago

I april 2023 arrangerte Vårt land lesarreiser/reiseselskapet the Vibe tur til Spania og Santiago de Compostela, også kalla St. Jakobsvegen, med turleiarane Jon Espeland og Helge Simonnes. Vi letta frå Gardemoen og landa i byen Bilbao, hovudstaden i Baskerland. Ein elleve dagar lang tur med seks vandringsdagar hadde begynt.

I Bilbao møtte vi bussjåføren som fulgte oss under heile opphaldet. Han frakta bagasjen vår mellom dei ulike overnattingsstadene slik at vi kunne bruke berre dagstursekk. Etter behov var det også høve til å korte lange dagsetappar ved å ta buss delar av etappane.

Mange ruter fører til Santiago: den franske, spanske, portugisiske, italienske og fleire. Vi gjekk utvalde strekningar av den franske ruta. Etter ein spanande busstur på bratt og svingete veg like over grensa til Sør-Frankrike, starta sjølve vandringa frå Saint-Jean-Pied-de-Port, rett nord for Pyreneane. Med utsikt mot mektige fjell i Pyreneane gjekk vi gjennom eit variert, vakkert og vilt kulturlandskap over grensa til Spania att.

Neste dag fortsette vi gjennom provinsen Navarres i baskisk kulturområde; begge dagane i eit kulturlandskap med historiske spor tilbake til Karl den store. Vidare vestover langs pilegrimsleden gjekk vi innom mange landsbyar med idylliske kafear. Vi overnatta stort sett i større byar der det vart både byvandringar og kyrkjebesøk, som i Burgos og Leon. I Burgos fekk vi omvising i den store og flotte katedralen der den mektige lokale hærføraren El Cid ligg gravlagt. Like eins i byen Leon såg vi kyrkja frå 1200-talet, ei mektig kyrkje i gotisk stil og med fantastiske og talrike glasmaleri.

Nest siste dagen gjekk vi frå Sarria. Sarria ligg ti mil frå Santiago, og mange vandrarakar startar turen sin frå Sarria for å gå samanhengande dei siste ti mila inn til Santiago.

Siste vandringsdagen var delt i to etappar. Etter fyrste etappe, gjennom eit galisisk kulturlandskap, gjekk vi dei siste

fire kilometrane frå Fægringsbakken til Santiago. Frå Fægringsbakken, med to enorme statuar av to pilegrimar, såg vi katedralen og det endelege målet for pilegrimar gjennom mange hundre år langs Santiago de Compostela.

Heile ruta var merka med gule piler og gule skjel til minne om St. Jakob, ein av Jesus sine disiplar. Ut frå katolsk tradisjon fortsette Jakob som misjonær i Spania før han returnerte til Jerusalem – der vart han halshogd. Levningane hans kom seinare tilbake til Spania. St. Jakob fekk etter kvart si grav i den mektige katedralen i Santiago, noko som er grunnlaget for valfarten til Santiago de Compostela.

Santiago blir sett på både som ein heilag by og ein turistby. Vi budde på hotell Monumento i hjartet av byen, like ved sentrum og katedralen. Hotellet var tidlegare eit fransiskanarkloster frå 1200-talet. Vi kjende oss ganske andektige då vi et frukost i same spisesalen som munkane brukte for mange hundre år sia.

Vi fekk tid til både byvandring og pilegrimsmesse, ei messe på katolsk vis. Det vart ei annleis messe enn det vi var vant til – ein overfylt katedral med mange turistar og med mange aktørar i arbeid, både menn og kvinner.

Størst inntrykk gjorde det tunge røykjelseskaret som hang i eit reip ned frå taket midt i katedralen. På slutten av messa drog fleire karar i tauet slik at røykjelseskaret kom i rørsle. Det pendla frå side til side med ein fart opp i 60 km/t medan røykjelse steig opp. Mange av oss undrast om tauet ville halde. Dei to turleiarane skapte ei munter og lun stemning med quiz og gode historier. Dei trekte linjer bakover og framover i tid til spansk historie og kyrkjehistorie, som helgentradisjonar og pilegrimsvandring.

Det endelege målet for pilegrimar var alltid ein stad sett på som heilag, som Santiago de Compostela, Jerusalem, Roma, Nidaros og andre. Helgendyrking har gjennom hundrevis av år ført masse folk til desse stadene, oftast med



Frå «Fægringsbakken» med utsikt til katedralen i Santiago



Frodig og flotte blomster langs ruta



Lett å finne fram med god merking



Her vandrar vi på gode vegar



Frå katedralen i Santiago de Compostela

positive ringverknader for nærmiljø og byar langs ruta. Men brukt politisk kan helgendyrking også ha negative verknader. Gjennom historia har personar med makt i ulike delar av verda forsvart undertrykking, vold og krigshandlingar ved å bruke og misbruke helgenar som prov på at Gud er med akkurat dei. Ikkje minst har enkelte leiarar i dag lært seg kunsten å spela på religiøse kjensler hjå folk for slik å vinne deira tillit og stemmer.

Sjølve vandringa var slutt. Heimreisa nærma seg for oss nesten 40 turglade personane – stort sett pensjonistar. Det var pensjonistar med ein høg gjennomsnittsfart på distansane der det verkeleg

gjekk unna på gruslagte vegar, asfaltveggar, grasgrodde vegar og skogsstigar.

Til slutt frakta bussen oss til den internasjonale flyplassen i Porto i Portugal for tur heim. Ein lenge planlagt og innhaldsrik tur var til ende. Ein lang draum var oppfylt: å få vandre på delar av pilegrimsvegen Santiago de Compostela.

Og dersom nokon ynskjer å oppleve liknande, vert same turen arrangert i september 2023.

Tekst og bilete:
Kristin Bakke Lajord og
Kari Bø Wangensteen

Opningstider i kyrkjene:



Øye stavkyrkje:

15. juni - 27. august
Torsdag – søndag kl. 11-17.



Høre stavkyrkje:

18. juni - 16. august
Søndag – onsdag kl. 11-17.

Inngang i stavkyrkjene inkl. Kulturstøga i Øye:

Vaksne: 80,-
Barn 6-16 år: 50,-
Barn under 6 år: Gratis.
Familie: 170,-
Grupper (min. 10 personer):
60,- pr. pers.



St. Tomaskyrkja:

9. juli – 30. juli
søndagar kl. 12-18



Vang kyrkje:

1. juli - 31. juli
mandag – fredag kl. 10-15

Kyrkja skapar trygge rom - Held LHBT+-kurs for alle tilsette

*Våg å leve åpen, våg å kjenn deg fri
Våg å føle det du gjør, si det du vil si*

Det er sterkt når Sebastian Christensen syng om å vere skeiv i møte med kyrkja. Nokre av tilhøyrarane ser ned, og andre tørkar tårar. Vi er på kurs. Sebastian og to rådgjevarar frå Hamar bispedømme-kontor har i vår møtt flest mogleg av kyrkja sine tilsette for å auke kunnskapen om LHBT+, kjønn og seksualitet. LHBT er kortform for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Målet med kurset er å skapa trygge rom og å vere ein god arbeidsplass for alle, også frå eit LHBT+-perspektiv.

«Vi skal ikkje endre folk sine standpunkt, men måten vi møter kvarandre på», seier Sebastian. Han er rådgjevar i VAKE, kyrkja sitt ressurscenter mot seksuelle overgrep. Sebastian har 40 års erfaring frå kyrkja og har opplevd på kroppen det som framleis er på agendaen. For det har ikkje vore lett å vere skeiv, ikkje i kyrkja, og heller ikkje i samfunnet.

Guro, kyrkjevegen her i Vang, var ei av dei som deltok på dette frå Vang, og ho seier det var ein sterk og lærerik dag. «Eg har av og til høyrte historiene til dei som har ein annan legning enn det som er vanleg og tenkt at det må være tungt å ikkje bli akseptert. På dette kurset fekk eg verkeleg utvida tankegangen, for det er jo så mykje meir – så viktig korleis vi møter dei og korleis vi kan legge til rette for å inkludere alle i kyrkjene våre. Og så var det sterkt å høyre Sebastian – både syngje Det begynner å ligne et liv og høyre historia hans og kva vi kan gjere for å lette kvardagen for mange.»

I 1954 vedtok Bispemøtet ei uttale der seksualitet utanom norma vart sett som «vederstyggeleg perversitet». Folk i kyrkja har vore nøydd til å kjempe for plassen sin, også kvinner, og det er framleis ein veg å gå.

Kyrkerådet sin leiar, Kristin Gunleiksrud Raaum seier det slik: «Det er teologiske syn i Den norske kyrkja på vigsel av likekjønna par. Uansett kyrkja sitt syn så må vi arbeide med vår kunns-



Desse tre har vore på besøk i heile Hamar bispedømme Fv. Lars Erlend Kielland, personalsjef Hamar bispedømmeråd, Sebastian Christensen, rådgjevar i VAKE og April Holten, diakonirådgjevar i Hamar bispedømmeråd.

Foto: Jens Dale

skap og vår praksis slik at alle får eit godt møte med kyrkja si.»

Og det er nettopp dette kursa handlar om. Dei har kome i gang på bakgrunn av ei bekymringsmelding frå tilsette og frivillige med LHBT+-bakgrunn. Eit utval vart sett ned og ei undersøking vart gjort. Den synte eit behov for kompetanseheving blant alle tilsette, frivillige og folk i kyrkjelydane. No blir altså heile kyrkja kursa for å kunne møte alle på ein god måte. Kurset er obligatorisk for alle kyrkjeleg tilsette.

Sebastian opplever møtet med kyrkja sine tilsette i Hamar bispedømme som meningsfylt.

«Responser fortel meg at mitt bidrag er viktig», seier han, «når du må sjå nokon i auga, så mildnar det noko. Som transperson og muskar opplever eg at barrierane blir brote ned: «Høyr her, eg er skeiv, vi er menneske.»

Poenget med kursa er nettopp å bygge ned barrierar. I alle kyrkjelydar vil det vere folk med LHBT+-identitet. Tema kjønn og identitet har vore ukjent og framandt for mange. Erfaringar frå kursa syner at dei som har delteke har fått auka kunnskap. Så vellykka har kursopplegget vore at andre trussamfunn vurderer å ta det i bruk. Det vil også konsernet Equinor som brukar kurset



Sebastian Christensen talar rett frå hjartet når han møter tilsette i Sør-Østerdal prosti.

Foto: Hamar bispedømmeråd

som inspirasjon til eit eige kursopplegg internasjonalt.

«Det er nyttig og viktig at temaet framleis er på agendaen, fordi det gjer så mykje skade kva vi seier og kva vi gjer – det er menneske vi pratar om», seier Sebastian og syng:

*For tiden er for kort til flukt
Bruk den mens du kan
Noen trenger alt jeg er
Men og at jeg er sann.*

Tekst: Hamar bispedømmeråd

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
22. SEPTEMBER

Prideflagget og Jøden og jorden

- to sider av same sak

Saka er diskriminering. Somme av oss behandlar andre av oss ulikt – basert på kjønn, identitet, nasjonalitet. Sider ved oss som me fekk utdelt ved fødsel, aldri har bedt om, aldri har opparbeida oss.

Eg valde å henge opp regnbogeflagget på veggen i Drengestøga. Det var ein reaksjon, då det vart klart for meg at dette flagget ikkje fekk ei offentlig flaggstong å henge på i Vang den gongen. Det vart klart for meg at denne veggen kunne brukast, ja det måtte brukast. Det vart viktig for meg. Kvifor?


Fordi kjensla av å ikkje bli ønskt velkommen, ikkje ha ein open og tydeleg plass i fellesskapet, er mektig. Denne kjensla kan øydeleggje mykje og over lang tid. Utanforskap er meir enn eit langt og litt kaldt ord. Det er både farleg og skadeleg å bli sett utføre, ikkje få plass.

Som kyrkje har me eit soleklart mandat om å famne alle. Uansett. Det er like soleklart at me slett ikkje har gjort nettopp det gjennom tidene. Det kan ein sjølv sagt dvele ved, men me kan også konkret velge ein ny veg. Ein ny måte å tenke på, kommentere på, invitere på.

Eg er glad eg fekk hengt opp regnbogeflagget den gongen. Eg hadde jo blitt indirekte provosert og med det utfordra til å finne ein ny veg. Takk til alle dei som sende fine meldingar og heiarop!

Tenk så lite det kosta meg å stå opp for «dei andre». Kvifor skal det være så vanskeleg?

Gruppepsykologien kan lære oss at den enklaste måten å danne ei gruppe på, er å ekskludere nokon. Er det denne snarvegen me som samfunn blir truga av når det blir så viktig å stenge somme ute? Eg kan ikkje unngå å legge merke til at jamvel flyktningar ser ut til å ha ulik status i landet vårt, basert på – nasjonalitet.



Som sagt: kjensla av å ikkje bli ønskt velkommen, ikkje ha ein open og tydeleg plass i fellesskapet, er mektig. Denne kjensla kan øydeleggje mykje og over lang tid. Utanforskap er meir enn eit langt og litt kaldt ord. Det er både farleg og skadeleg å bli sett utføre, ikkje få plass.

Eg er svært glad for alle gode krefter som skipa til folkemøte i Vangshallen og presenterte boka «Jøden og jorden» av Ingeborg Solbrekken. Denne øvinga – å snu torva om du vil – la det som var skjult frå nær historie i Vang, komme opp og fram i lyset, var nok eit godt bidrag til å ikkje klage litt og så la alt være som før, men konkret velge ein ny veg. Ein ny måte å tenke på, kommentere på, handle på.

Tysdag 13. juni arrangerer Vang sokn og Valdres Pride regnbogemesse i Vang kyrkje. Me håpar den også kan være eit av dei små men viktige stega på vegen mot eit betre samfunn, ei betre bygd for oss alle.

Ingebjørg Vik Laugaland
sokneprest i Vang



Kongevegen i solnedgang. Foto: Oddvin Almenning

Hugakøllen

Eit kjent og kjærte fjell i Vang er Hugakøllen, 1131 moh. Med sin regelmessige form liknar han ikkje lite på ein vulkan, men der blir vi skuffa. Nokon eldsprutande vulkan har Hugakøllen aldri vore. Som dei andre fjella i bygda vår, kom han sigande inn frå vest ein gong for fleire hundre millionar år sidan. Han er ein del av eit skyvedekke som på grunn av platekollisjon i vest vart pressa austover og enda opp som Jotunheimen og tiliggjande område. Dette skjedde ikkje på ein dag, det er ikkje råd å fatte dei tidsromma vi her snakkar om.

Så lenge det har budd folk i Vang, har Hugakøllen lege der som eit landemerke for bygda, vakker og tillokkannde. Det er nok den fjelltoppen som har hatt flest besøk, lett tilgjengeleg som han er. Det er fleire vegar opp, men den mest brukte er nok stigen frå sør med start på parkeringsplassen ved brua over Ala nedanfor Øylostølen. Ein annan stig går bratt opp lia bak Øylo Gjestgiveri, dette var ein snøggveg opp til stølen i gamle dagar.

Ein noko lengre, men ganske slak stig går opp frå vest. Dette var stølsvegen for dei i Kvam den tida dei brukte stølen sin under Hugakøllen. Eit fint startpunkt er rasteplassen på Neset. Då går du Kongevegen til du kjem til skilt Hugakøllen. Her tek du av frå Kongevegen og kjem snart inn på ein skogsveg. Stigen tek av frå skogsvegen på toppen av ein lang bakke, hald utkik etter kvite klossar.

Etter ein god time kjem du inn på normalvegen frå sør og fylgjer denne til topps. Gangtid i alt er snaue to timar.

Hugakøllen er eit kommunikasjonspunkt. Det har vore teknisk utstyr der heilt sidan fjernsynet kom til Vang på 60-talet, og i dag står det ei høg antennemast der. Men kommunikasjonshistoria her er bokstaveleg tala eldgamal, minst tusen år. Då brende dei vedvardar for å varsle ufred, og Hugakøllen var eitt slikt vardepunkt i ei lekkje som starta heilt ytst i Sognefjorden. Varden er bygd opp att, og inne i han finn du no ei turbok.



Utsikta i alle retningar er eineståande. I finver kan du sitja på toppen og nyte synet av bygda, Vangsmjøsa og fjella rundt. I styggver blir det helst til at du ganske fort finn vegen nedatt. På tur ned undrar du deg kanskje over nokre boksar som står på lange stenger langs stigen øvst oppe. Dette er eit sikringsiltak for å hindre at nokon i dårleg sikt går seg utover stupa på utsida av stigen. Mang ein skuterfører har nok takka for denne vegmerkinga når han har vore oppe og reparert utstyr i snøfokk midt på vinteren.

Hugakøllen har også vore omtala i poesi og prosa. Henrik Wergeland skreiv eit dikt han kalla «Valdrisen på heimvegen». Her prøvde han seg på valdresdialekt, med noko vekslende hell kan ein vel seia. Eitt av versa lyder slik:

*Sjaa! Dæ glime alt ti Bængna, so ho
rann
ti ein solblank Sylverrænna.
E vil fulgji ho so skjele so eit Band
beinast Væg te Heimegrænna.
Men ein liten Bæk ska, onde lystig Røl,
onde Hugakøllen syne me ein Støl,
hvor ho Gjenta mi
bur den korte Ti
Blomo blumstre vent i Liidn.*

I Norges siste stumfilm, «Kristine Valdresdatter» frå 1930, er handlinga lagt til Vang. Filmen er skriven og regissert av Rasmus Breistein, men det var romanen «Kristine: En fortælling




fra Valdres» av Hans A. Foss som var utgangspunkt for manuskriptet. I romanen er det ein fest på Hugakøllè, og på festen blir det framsagt eit dikt som prisar Vang:

*Dig underskjønne, kjære Vang
med blanke sjøer, høie tinder,*

*hvor saga-strømme sagte rinder,
dig hilser vi med freidig sang.
Vi ønsker at din ædle drot
maa fremmes i alt stort og godt.
Vor sang skal jage hvert et trolde,
Som gjemmer sig bak «Huga-Koll»,
og dermed tømmer vi vor skaal
for underskjønne Vang.*

I dag blir dette vel pompøst for dei fleste av oss, men for hundre år sidan skreiv dei slik i den typen romantiske folkelivsskildringar som denne romanen er eit døme på. Innhaldet kan vi



likevel slutte oss til, Vangsbygda sett frå Hugakøllen er vemodig vakker. Og sanneleg trur eg dei klarte å skremme

trollet den gongen, han Labo Hugakøll er det ingen som har sett sidan.

Tekst og foto: Ola Heensåsen



Vang kulturskule

Måndag 22. mai hadde kulturskulen vårkonsert i Vang kyrkje. Det blei framført både dans, teater, pianospel, langleik, gitar, cello, tradisjonssong, elbass og vist kunstutstilling. Rundt 60 publikummarar møtte opp på konserten, som var Oddbjørn sin siste som kulturskulerektor.

Vang kulturskule vil sumaren 2023 gå gjennom eit skifte på leiarsida, men det blir og nye ansikt på lærarsida. Ingvild Oldre Heggom har takka for seg som lærar innan kunstfag, og Oddbjørn Skeie gir seg som rektor og lærar. Spanande er det at Victoria Ose kjem inn som ny rektor, og vil ha ansvaret for teater og skapande skrivning. Ho har allerede hatt kontakt med aktuelle kandidatar som lærar innan kunst og har og planar for ny danselærar i kulturskulen. Victoria har sjølv vore vikar på dans dei siste åra. Victoria blir den tredje rektoren i Vang kulturskule, det var Gunn-

ar Baden som starta opp som rektor i 1986, medan Oddbjørn tok over i 2008.

Vang kulturskule har vore litt nede i talet på elevar etter Covid-19, men vonar å auke talet på elevar dei neste åra. Historisk sett har det alltid vore mange elevar i kulturskulen i forhold til talet på elevar i grunnskulen i Vang. Det er stor breidde i kva kulturskulen kan tilby som fag. I den digitale tida me lever i, er det ekstra viktig med arenaer der ein kan uttrykke seg, få kjensla av å høyre til, samt meistring og glede. Vi vil framleis vurdere nye søknadar til hausten frå nye og gamle elevar; gå gjerne inn på vang.kommune.no – kultur – kulturskule for meir informasjon.

Velkommen som elev i Vang kulturskule!

Helsing
Oddbjørn og Victoria



Kulturminne ved E16-utbygginga


Gardane Nørre og Sørre Øye har skifta på å vera eit og to bruk, og var fram til ca 1850 kyrkjegods. Slette/på Sletten var ein av dei eldste husmannsplassane under Øye – beliggande ved strønde i Grønhaugo, ca 1 km nord før Turtnes – og vart i 1902 frådelt som eige bruk. Tunet her ligg på øversida av E16.

Ein av gutungane på Sletten heitte Ola f. 1916, han vart gift med Brita Olsdr. Opdal f. 1925, læs eg i bygdeboke. Ola var all den tid eg hugsar bussjåfør i JVB. Ola og Brita bygde seg hus mellom Mjøse og E16, ved Slette. Dei fekk to born, Sigrid Marie og Tor – litt eldre og yngre enn eg er – som begge har fløtt frå Vang.

Huset fekk på 2000-talet ny eigar, Bjørn Thorvildsen. I 2011 hadde Bjørn besøk av ein kompis. Frå avisa Valdres, litt bygdaprat og mitt eige bilde ser eg; Natt til 15. aug vart karane vekt av mykji leven, og når dei såg ut var det vatn, jord og stein rundt huset og oppover veggene. Bjørn fortalde at då kameraten ville gå ut døra for å redde bilen, sokk han ned og måtte ha hjelp for å få opp føtene og koma seg inn att.

Arne Oldre minna meg på eit tilleggsproblem ved dette raset: Aftenposten kunne måndag 15.08.2011 fortelja: «To ras på nokre få hundre meter stengjer E16 i Øye i Vang. Kontrollingeniør Jon Rabben Lundby frå Statens vegvesen seier det største er på fleire tusen m³, så det vil ta fleire dagar å rydde. Han seier vidare: 'Geoteknikarar kjem på mandag for å sjå på sikkerheit i området. Ein naturleg omkøyringsveg er Fv 293, men den har vore stengt av ras frå slutten av juli, så all ferdsel til Vestlandet må gå gjennom Hemsedal.» Då var brått Vang delt i to, og dei som budde nord for rasa, fekk problem med å koma seg til jobb i Vang sentrum. Det vart fleipa med at Vang kommune burde opprette båtrute mellom Øye og Vang. Sume brukte sikkert båt til og frå, andre bil om Borlaug, Gol, Leira og til Vang sentrum, eller hadde slekt eller kjenningar dei kunne overnatte hjå.

Når både E16 og vegen gjennom Kvi-turde er open, er det jammen lettvent!



Det kom eit nytt ras i same området i juli 2021, men dette gjekk litt lenger sørover før det kryssa gardsvegen til Slette, så ned og over E16 ca 50 meter sør for huset til Bjørn.

Han var forøvrig ikkje eigar lenger, men selde i mai 2021 huset til Statens veg-

vesen for riving pga utbetring av siste del av E16 på Hagestrønde. Brødrene Dokken sine folk brukte huset som kvilebrakke mens vegarbeidet gjekk, og seinhaustes 2022 vart huset fjerna.

Tekst: Ivar Hemsing
Foto: Thor Østbye

Nasjonalromantisk konsert

Høre mannskor stilte i sin finaste stas og med klare struper då dei baud inn til nasjonalromantisk konsert 16. mai. Dei flotte songane som høyrer til på denne tida, kom på rekke og rad.

Koret har mange gode kapasitetar sjølv, men denne gongen var Kristina Heen-såsen med som solist på «Å eg veit meg eit land» og Alistair Peters spelte to norske stykke på piano, av Grieg og Ole Olsen.

Carl Philip Weisser kom med sine glade tankar om songen sine eigenskapar: som reiskap til å halde motet oppe, som kontaktskapar når hukommelsen svik-



tar, som fotoapparat, som sovemiddel og som nasjonsbygger.

Koret avslutta med eit mektig JA, VI ELSKER DETTE LANDET!

Takk til Høre mannskor og stødig dirigent Oddbjørn Skeie for denne fine kvelden.

Guro Hovda

Sommerhilsen fra Mottaket

Da har vi vært gjennom vinteren ved mottaket. Driften har gått fint, og vi har siden påsketider vært nært opp mot fullt belegg. Vi har gjennomført aktiviteter som bading, dametrim, vandrings-turer osv. i hele vinter, godt hjulpet av frivilligheten i Vang. Vi arrangerte grilling i påsken, og 17. mai ble feiret i lag med lokalbefolkningen i Vangshallen.

Beboersammensetningen er fortsatt med en stor overvekt ukrainere, og når en ser på ankomstene til landet, vil nok dette vedvare en god stund fremover. Samarbeidet med Vang kommune er fortsatt like godt, og vi er takknemlige for å drive mottak i en kommune som ønsker mottaksdrift. 11. mai var kommunestyret på omvisning med påfølgende lunsj. Dette var veldig kjekt, og beboerne fikk presentert mat fra sine land. Dette var noe våre beboere var veldig glade for at de fikk gjøre.

Sommeren står for dør, og da har vi masse utendørsaktiviteter. Vi skal blant annet fire turer til friluftsbadet i Øvre Årdal i sommer, der vi gjennomfører svømmeopplæring. Dette er et prosjekt som IL Jotun Symjegruppa gjennomfører for oss, med støtte fra UDI. Ellers vil vi prøve å få til mange gåturer med beboerne rundt omkring i vakre Vang.



Sommeren er en vakker tid, og vi håper alle får en strålende sommer, der mange gode minner blir skapt.

Jeg vil på vegne av alle beboerne og an-

satte ved mottaket i Vang ønske dere en riktig god sommer.

Henrik Rønningen
Mottaksleder


God sommar

frå biblioteket, frivillig-
sentralen og BUA



Sommar er aktivitetstid, og i BUA har vi masse leiker og turutstyr!

Har du prøvd å padle på eit fjellvatn i ein packraft? Eller kaste disk golf med familien? Trene balansen på slakkline? Eller nyte fuglekvisseret i ei hengekøye?? Vi har tursko, sekkar, telt og primus, sykklar i alle størrelsar, steiketakke og bålpanne, og masse, masse meir. Sjekk nettsidene bu.no/utlansordninger/bua-vang for å sjå opningstidene i sommar – der kan du også sjå alt utstyret vårt og lage deg ein brukarkonto. I BUA kan alle låne – heilt gratis!



Opningstider sommaren, 3. juli – 6. august

Frivilligsentralen held stengt frå 3. juli til 6. august, BUA er ikkje avklart i skrivande stund. Følg med på vang.frivillig-sentral.no eller på facebook!

Biblioteket har desse opningstidene mellom 3. juli og 6. august:

Måndag kl 14-19
Tysdag kl 14-19
Onsdag kl 11-16
Fredag kl 11-16

10-årsjubileum

20. mars feira Frivilligsentralen 10 årsjubileum! Det vart ein veldig triveleg kveld med flott song frå Vangskoret, fine ord frå kommunalsjef Marta, styreleiar Kari, vår første styreleiar Carl Philip og ordførar Vidar. Etter eit kort program stod frivillige og samarbeidspartnarar på stands rundt i lokalet og fortalte om aktivitetane våre. Ei utstilling med bilete frå dei 10 åra som har gått hang som ei tidslinje i galleriet, og vakte mange gode minner hos dei som var innom og titta.



Klesbyttedagen

Kine Kvannefoss stod i bresjen for Den store klesbyttedagen i Vang, med frivilligsentralen og biblioteket som støttespelarar. Vangsgjeldingane levert inn fine, brukte klede i forkant av arrangementet, og laurdag 22. april kl. 10 opna vi dørene til bugnande stativ med bukser, genserar, skjorter, skjørt, kjolar og jakker til store og små. Nesten 100



personar var innom i løpet av dagen, og drugt 150 plagg forsvann ut døra med nye eigarar! Vang husflidslag hadde fiksestand og viste fram fine bøker og brosjyrer.

Lesesirkelen

Vil du bli med i lesesirkelen? Dette vårhalvåret har vi invitert til lesesirkel fem gonger. Oppmøte har variert frå fire til ti personar. Marianne Isachsen styrer det praktiske og legg opp til god variasjon i val av bøker. Det er ei god blanding av fagbøker, teikneseriar og romanar, og deltakarane kjem med ønsker. Lesesirkelen held fram til hausten og både tidlegare og nye deltakarar er velkomne!



Jøden og jorden av Ingeborg Solbrekken

Torsdag 30. mars var 280 personar samla i Vangshallen for å høyre om historia til Hans Salomon.

Det vart ein gripande og sterk kveld om jøderanet under andre verdskrig. Samtidig gjorde det godt å få høyre og prate om denne delen av krigshistoria. Og som Solbrekken sa: vi skal ikkje kjenne skam og skuld for urett gjort av slekta før oss, vi har nok med våre eigne haldningar og handlingar.

Kvelden starta med at Solbrekken heldt eit foredrag om Hans Salomon og boka «Jøden og jorden». Deretter sa Leif Salomon nokre ord til salen. Han er sonen til Hans Salomon og var ein av fleire etterkomarar som hadde teke veggen til Vang. Etter pausa var Arnfinn Helge Kvam, banksjef i Valdres Sparebank, og Vidar Eltun, ordførar i Vang, i samtale med Hilde Havro, redaktør i avisa Valdres. Kvelden vart avslutta med

spørsmål og kommentarar frå salen. Dette vart ein kveld med tema til ettertanke, vi må kjenne til fortida for å gjere framtida god!

Det var mykje folk frå øvre Valdres i salen, men også langvegsfarande som kom eins ærend til Vang for å få med seg dette. Kvelden vart arrangert av Vang folkebibliotek i lag med Avisavaldres og Vang Frivilligsentral.

Helsing Marte Tangen og Marianne Riste



Babysang

Me er samla til babysang i Drengestøga ein torsdag kvar månad frå kl. 11.00 til ca. 13.00. På babysang syng me sjølvsgagt mykje, men me brukar også enkle regler og musikk. Når me har hatt ei god økt med song, er det tid for å eta vaffel og drikke kaffi/te. Dei små storkosar seg, og det trur eg jammen foreldra også gjer!!

Alle babyar med foreldre er hjarteleg velkomne!!

Anne L. Belsheim



Gratulerer til Stine Solemsli som har mottatt en velfortjent pris!

Norsk sykepleierforbund –Innlandets lederpris gikk i år til Stine Solemsli fra Vang i Valdres.

Stine fikk prisen for stort fokus på forbedring av helsetjenesten. En tydelig, nytenkende og trygg leder med klare mål. Hennes faglige styrke og krav om resultater skaper motivasjon for alle til å gjøre sitt beste for pasientene.

Stine jobber for et godt helsefremmende arbeidsmiljø på arbeidsplassen for alle ansatte. De opplever at de er ett lag hvor alle har viktige oppgaver. De jobber etter en helsefremmende turnus og har gode arbeidsforhold. Hennes dør er alltid åpen, og fokus på grunnbemannning og det psykososiale arbeidsmiljøet har redusert sykefraværet med 11 %. Ethiske refleksjoner i det daglige arbeidet setter i gang viktige tankeprosesser, og

Stine oppleves som en tydelig og god rollemodell i sitt virke som leder for Vangsheimen og hjemmebaserte tjenester i Vang kommune.

Prisen, som er kr. 5.000 til fagutvikling, ble delt ut på NSF's ledergruppe sin fagkonferanse på Fagernes av fylkesleder Ida Høiby – sammen med blomster og velfortjent applaus!

Tekst: Norsk Sykepleierforbund – Innlandet

Og leder for institusjons- og heimebaserte tenester i Vang, Guro Råheim Kvam, sier i tillegg at Vang kommune er svært stolte av å ha en dyktig leder som Stine med på laget. Hun gjør en svært god innsats, arbeidet gir resultater. En veldig velfortjent pris!



Årsmelding for Vang menighetsblad

Redaksjonen i Menighetsbladet har bestått av sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, Ivar Hemsing og Sidsel Offergaard Jevne (redaktør). Tidlegare sekretær ved kyrkjekontoret Jovita Budvytiene har også vore medlem i redaksjonen, men slutta i stillinga 1. mars og vart erstatta med Marianne Straum. Etter at Marianne Straum slutta seinhaustes, kom Guro Hovda attende i redaksjonen.

Redaksjonen har hatt fire møte og handsama 14 saker. Hovudarbeidet har vore planlegging av dei fire utgåvene og tankar om utvikling framover. Redaksjonen har vore oppteken av at menighetsbladet framleis skal bli oppfatta som relevant for lesarane. Bladet sitt viktigaste fokus skal sjølvsagt vere det kyrkjelege stoffet, slik at aktiviteten i kyrkjene og i sokna skal få brei omtale. Likeså kan det vere naturleg å omtale viktige saker i tida som Kyrkja er oppteken av, mellom anna internasjonalt perspektiv og Kyrkja sitt miljøengasjement. Men redaksjonen ynskjer også at bladet skal vere eit magasin for Vangssamfunnet, der både historisk og tidsaktuelt stoff kan få plass. Det er difor framleis svært ynskjeleg å få inn stoff frå lesarane.

Arbeid med økonomien har også vore viktig. Rekneskapan for 2022 syner eit overskott på kr 12224,65. Dette skuldast i sin heilheit to uteståande fordringar frå 2021 og inneståande gjeld ved nyttår 2022/23. Abonnements- og annonseinntektene synest å minke litt år for år. For 2022 blir dette veid opp av gaver og offer. Redaksjonen vil framleis følge den økono-

Regnskap for Vang menighetsblad

	Sum utgifter	Sum inntekter
Trykking og layout	67128,20	
Anna forbruksmaterieil	303,20	
Porto og utkjøring	10267,20	
Mva som gir rett til mva-kompensasjon	16857,85	
Mva-kompensasjon		16857,85
Abonnement		56260,00
Sponsing av utsending		16200,00
Innstikk i bladet		4500,00
Annonser		7100,00
Gaver og offergaver		5863,25
Sum	94556,45	106781,10
Overskudd		-94556,45
		12224,65

Innestående ved nyttår: [kr 164.454,73](#)

miske situasjonen nøye, og på litt sikt kan det bli naudsynt å redusere utgiftene.

Redaksjonen vil takke Ivar Hagerup for fine forsidebilete. Takk også til alle andre som har ytt bidrag til bladet, og til alle som har hjulpet til med distribusjon. Takk til ingridesign for godt samarbeid og profesjonell layout, og til trykkeriet Printfarm for fint teknisk produkt.

Redaksjonen

Nytilsette Vang kommune 2023

Heidi Lynge Kvale,
Styrar Høre barnehage
Anne Synnøve Lunde,
Lege Vang legekontor
Eskil Remmen,
Fagarbeidar Høre barnehage
Claudia Grobe,
Assistent Høre barnehage
Helge Strøm,
Spes.pedagog ved Vaksenopplæringa
Terje Eldegard,
Byggdriftar ved Byggdriftaravdelinga
Lena Bergseng,
Lærer Vang Læringsssenter
Trond Dalemark,
Kjøkkenassistent ved Vangsheimen
Kristian Lindseth Flaa,
Rådgjevar Landbruk, natur og miljø
Elina Nesse,
Sjuepleiar ved Korttid og heimetenester
Elisabeth Floor Søvik,
Lærer ved VBU
Taran Maria M. Lasskogen,
Lærer ved VBU
Eline Dagestad Helland,
Fysioterapeut

Melanija Budinski
Spes.pedagog Fredheim bhg og VBU
Siv Tone Drevsjømoen Børve,
Lærer ved Vang læringsssenter
Victoria Ose,
Kulturskulerektor
Kaisa Katrine Holmen,
Spes.pedagog ved VBU
Marte Flemmen Trøsvik,
Lærer ved VBU
Ida Nefstad Stende,
Lærling Helse og omsorg
Ingrid Myrvang,
Lærling Helse og omsorg
Sindre Eikeland,
Lærer ved VBU
Øyvor Veflen Tveit,
Lærling utdanning og kultur
Kristiane Sørengen Berge,
Lærling utdanning og kultur
Karoline Lundøy,
Medarbeidar Vang legekontor
Ola Erik Heen Moe,
Rektor VBU
Lasse Kjøs,
Assistent Høre barnehage

Guro Engen Dalåker
Helsesjuepleiar ved Helsetenester
Katrine Høyne,
Helsesjuepleiar ved Helsetenester
Janne Henriksen,
Fagarbeidar Tilrettelagte tenester
Emran Ahmadzai,
Badevakt Vangshallen
Linda Haugland,
Fagarbeidar Tilrettelagte tenester

Fagarbeidarar VBU:

- Bente Søndrol,
- Lene Rogn Andersen,
- Monika Tvenge Kjøs,
- Anna Szalaj-Waclawska,
- Maria Aaslund,

Stovevakter Vangsheimen:

- Agnete Sørengen Berge,
- Torjus Tørstad,
- Siren Remmen,
- Nathaniel Kjørlien,
- Pernille Langedrag,



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkryssset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Rør	99 52 22 22
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau	99 71 43 18		



*Slekters
gang*

Vang sokn

Døpt:

09.04: Amalie Buajore Sandved

Heensåsen sokn

Døde:

25.03: Kirsti Nordsveen

06.04: Endre Rogn

Høre sokn

Døpte:

30.04: Liam Lungu Thune

30.04: Mikko Lungu Thune

21.05: Elias Schlytter

Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger´n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Guro Hovda, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

**Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år**

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no


Kommuneadministrasjonen flytter!

Kommunehuset i Vang skal rustast opp med mellom anna nytt ventilasjonsanlegg og ny heis. Arbeidet vart sett på vent sommaren 2022 grunna situasjonen rundt Skutshorn.

Vang kommune har kjøpt ein brakkerigg som skal huse kommuneadministrasjonen i byggeperioden. Denne

er planlagt flytta til Synshagen. Det er framleis ikkje sett ein konkret dato for flyttinga, men det skjer i løpet av hausten 2023.

Det er bestemt at førehandsrøystinga til kommunevalet blir gjennomført på kommunehuset.



Vang kommune vil kome med meir informasjon om flyttinga så snart ting er avklara.

Guro Råheim Kvam,
Kommunalsjef helse- og omsorg

Gudstenesteliste

Fredag 23. juni – St. Hanskveld

Øye stavkyrkje kl 18.00

Gudsteneste v/spr. Laugaland og organist
Budvytis og Høre mannskor

Søndag 2. juli – Syftesok

St. Tomaskyrkja kl 12.00

Messe for natur og bærekraft v/spr. Laugaland og organist Budvytis med fleire

Søndag 9. juli – 6. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl 12.00 – 18.00

Open kyrkje – ope for drop in-dåp og drop in-vigsel v/spr Laugaland

Søndag 16. juli – 7. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl 12.00 – 18.00

Open kyrkje

Søndag 23. juli – 8. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl 12.00 – 18.00

Open kyrkje – ope for drop in-dåp og drop in-vigsel v/spr Laugaland

Laurdag 29. juli – Olsok kl 13:00

Festgudsteneste i Slidredomen

for heile Valdres.

Samarbeid med Norge i 1000 år

Søndag 30. juli – 9. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl 12.00 – 18.00

Open kyrkje – ope for drop in-dåp og drop in-vigsel v/spr Laugaland

Søndag 6. august – 10. s. i treeiningstida

Helin kl 12.00

Stølsmesse m/dåp v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 13. aug. – 11. s. i treeiningstida

Syndin, stølen til Kristoffer Kvien og

Monica Søndrol kl 12.00

Stølsmesse m/dåp v/vikarprest

Søndag 20. aug. – 12. s. i treeiningstida

Olø, stølen til Nina Havro og Harald

Høyeme kl 12.00

Stølsmesse v/vikarprest. Bjørg S. Berge og Ivar Hemsing deltek på høvesvis langeleik og trekkspel

Søndag 27. aug. – 13. s. i treeiningstida

Øye kyrkje kl 11.00

Gudsteneste v/vikarprest og organist Budvytis

Onsdag 30. august – Morgonsong

Vang kyrkje kl 10.30

Søndag 10. sept. – 15. s. i treeiningstida

Høre stavkyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/ spr. Laugaland og organist Budvytis. Utdeling av bøker til 6-åringar frå alle sokn

Onsdag 13. september – Morgonsong

Vang kyrkje kl 10.30

Torsdag 14. september

Vangsheimen kl 13.00

Andakt v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 17. sept. – 16. s. i treeiningstida

Jaktmesse på Åsen kl 12.00

Jaktmesse v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 24. sept. – 17. s. i treeiningstida

Heensåsen kyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis. Utdeling av bøker til 4-åringar frå alle sokn

Søndag 1. okt. – 18. s. i treeiningstida

Høre stavkyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd og dåp v/spr. Laugaland og organist Budvytis. Konfirmantpresentasjon

Søndag 15. okt. – 20. s. i treeiningstida

Heensåsen kyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 22. okt. – 21. s. i treeiningstida

Øye kyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

VI ER I NÆRHETEN NÅR DU TRENGER OSS



T • 61 36 17 70 • Hele døgnet

Jacob Håvelsrud • Kjersti Ødegaard • Alicia Sanne

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD